



Hjellemarka Fus Barnehage AS  
Storestraumen 275  
5212 SØFTELAND

Unntatt offentlig innsyn  
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Brevdato
22/73743	22/177	Lena Epland Sløgedal <a href="mailto:post@bjornafjorden.kommune.no">post@bjornafjorden.kommune.no</a> <a href="https://bjornafjorden.kommune.no/">https://bjornafjorden.kommune.no/</a>		01.11.2022

## **Endeleg tilsynsrapport etter stadleg tilsyn 27. september 2022 Hjellemarka FUS barnehage**

Bjørnafjorden kommune, har i perioden 22.08.22 til dags dato, gjennomført varsla tilsyn med Hjellemarka FUS barnehage. Kontaktperson i barnehagen er styrar Birte Strømsø. Det vart gjennomført stadleg tilsyn i Hjellemarka barnehage 27.09.2022.

Det vart ikkje avdekka lovbrøt.

### **Om tilsynet med Hjellemarka barnehage**

Bjørnafjorden kommune, som barnehagemynde, fører tilsyn med Hjellemarka barnehage, jf. barnehageloven § 53. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, er tilsyn med det som er lovpålagt knytt til barnehagedrift. Barnehagemynde har ansvar for å sjå til at barnehagane vert drivne etter lova jf. § 10.

### **Tema for tilsynet med heimel i Lov om barnehagar med forskrifter.**

- § 3 Barns rett til medvirkning og omsynet til barnet sitt beste.
  - § 4 Foreldreråd og samarbeidsutval
  - § 37 barn med nedsatt funksjonsevne
- Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø
- § 41, 42, 43
  - § 44 Teieplikt
  - § 50 Helsekontroll av barn og personale
  - Forskrift om rammeplan for barnehagen innhald og oppgåver, overgangar.

Tilsynet rettar merksemda mot barnehagen si oppfyljing av krav innanfor dei oppgitte emne, og rapporten viser eventuelle lovbrøt som vart avdekka under tilsynet. Rapporten gjer såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av barnehagen.

### **Om gjennomføringa av tilsynet**

Tilsyn med Hjellemarka barnehage vart opna gjennom varselbrev datert 22.08.2022. Barnehagen er pålagt å legge fram dokumentasjon for kommunen med heimel i barnehageloven §53. Tilsynet vart gjennomført ved gransking av framlagte dokument og ved intervju av personar tilknytt barnehagen.



Følgende dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

- Gjeldande vedtekter
- Årsplan og ev. halvårsplanar med temaplan eller liknande
- Plan/rutinar på korleis barn får ta aktivt del i planlegging og vurdering. Og korleis barnehagen jobbar med dette jf. §3.
- Rutinar for samarbeid med foreldre og føresette.
- Referat frå samarbeidsutvalet
- Referat frå foreldrerådet
- Plan/rutinar for oppfølging av barn med § 37 vedtak
- Rutinar for korleis barnehagen sikrar eit godt psykososialt barnehagemiljø
- Rutinar for aktivitetsplikt og skjerpa aktivitetsplikt
- Rutinar for å sikre levering av teieplikterklæring. Rutinar for oppfølging av teieplikta.
- Rutinar for korleis barnehagen innhentar helsekontroll av barn og personale.
- Rutinar for overgangar i barnehagen og overgang til skulen.

#### Tilsynsteam:

- Lena Epland Sløgedal og Karianne Moberg, representantar frå barnehagemynde i Bjørnafjorden kommune
- Wenche Fagerbakk, einingsleiar barnehage, Tysnes kommune og representant for Midthordland kompetanseregion

Oversyn over personar i barnehagen som var direkte involvert i tilsynet:

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Birte Strømsø	Styrar	x	x	x
Anne Marthe Østervold Riis	Pedagogisk leiar		x	x
Mariola Vikøren	Barne- og ungdomsarbeider		x	

Sluttmøte vart gjennomført tilsynsdagen.

#### Generelt om barnehagen

Hjellemarka FUS barnehage er ein privat barnehage med 4 avdelingar, 2 for småbarn og 2 for storebarn, med inntil 96 plassar. Barnehagen ligg sentralt i eit bustadsområde på Søfteland med kort veg til kollektivtransport. Barnehagen har hovudfokus på lek og relasjonar og jobbar mykje med å skape ein trygg og god kvardag for alle barn. Fus nyttar visjonen «Barnet først!»

#### Rettslege krav

Etter barnehageloven § 53 fører kommunen tilsyn med alle barnehagane i kommunen. Kommunen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege tilhøve ved godkjente eller godkjeningspliktige verksemder, og vedta tidsavgrensa eller varig stenging. Kommunen bestemmer sjølv korleis og kor ofte tilsyn skal gjennomførast. Foreldrerådet skal få høve til å uttale seg før kommunen fattar vedtak om stenging.

Når kommunen driv rettleiing og tilsyn med barnehagane, er dette utøving av offentlig mynde. Det følgjer av barnehageloven § 10 at kommunen, som barnehagemynde, skal rettleie og sjå til at barnehagane driv i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunen sin kunnskap om barnehagane dannar grunnlag for bruk av verkemidla rettleiing eller tilsyn.



### **Kommunen sin konklusjon**

Bjørnafjorden kommune i endeleg tilsynsrapport etter tilsyn med Hjellemarka FUS barnehage ikkje funne brot på regelverket.

Vurdering av oppfølging av regelverk:

§ 3 Barns rett til medvirkning og omsynet til barnet sitt beste.

Ikkje lovbrøt

§ 4 Foreldreråd og samarbeidsutval

Ikkje lovbrøt

§ 37 barn med nedsatt funksjonsevne

Ikkje lovbrøt

Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø

§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid

Ikkje lovbrøt

§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

Ikkje lovbrøt

§ 43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn

Ikkje lovbrøt

§ 44 Teieplikt

Ikkje lovbrøt

§ 50 Helsekontroll av barn og personale

Ikkje lovbrøt

Forskrift om rammeplan for barnehagen innhald og oppgåver, overganger.

Ikkje lovbrøt

Hjellemarka FUS barnehage fekk frist til 31. oktober til å uttale seg i samband med førebels tilsynsrapport. Bjørnafjorden kommune har motatt ei justering i teksten og fått tilsendt revidert handlingsplan om psykososialt miljø i barnehagen.

Med vennleg helsing

Line Rye  
Kommunalsjef oppvekst

Lena Epland Sløgedal  
Barnehagemynde og utvikling

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

